



Alpinkomiteen@

Sakshand.: RE/ KD

Dato: 13.04.2023

Arkivk.: ak/møter/innkalling/21-23

B PROTOKOLL TIL MØTE NR. 10 I ALPINKOMITEEN, 2021-2023

Stad: Thon Hotel Jølster, Skei
Tidspunkt: Torsdag 13. april 2023, kl. 18:00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 72 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 73 21-23 Godkjenning av protokoll nr. 08 21-23
SAK 74 21-23 Godkjenning av protokoll nr. 09 21-23

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 75 21-23 Rekneskap 2022
SAK 76 21-23 Rekneskapsrapport pr. 13.04.23

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 77 21-23 Evaluering samlingsplan sesongen 2022-2023
SAK 78 21-23 Generell evaluering av alpinsesongen 2022-2023
B-SAK 79 21-23 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal
SAK 80 21-23 Organisering av freeski inn i alpinkomiteen
SAK 81 21-23 Vårmøte 2023
SAK 82 21-23 Handlingsplan 2023-2025

ORIENTERINGSSAKER

SAK 83 21-23 Status markedsarbeid til komiteen

EVENTUELT

TIL STADES: Roger Ellingsund, Elisabeth Sætren, Cato Vik, Kåre Hetle, Melanie Hetkamp-Andersen (skiklubbutviklar), og Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL: Erik Solheim

MERKNADER: Roger og Melanie deltok digitalt

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 72 21-23

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK:

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 73 21-23

Godkjenning av protokoll nr. 08 21-23

Bakgrunn

Protokoll frå AK møte nr. 08 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll frå AK møte nr. 08 21-23.

SAK 74 21-23

Godkjenning av protokoll nr. 09 21-23

Bakgrunn

Protokoll frå AK møte nr. 09 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll frå AK møte nr. 09 21-23.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 75 21-23

Rekneskap 2022

Bakgrunn

Rapport frå rekneskapen 2022 ligg som vedlegg.

Nøkkeltal frå rapporten;

Driftsinntekter;	kr. 475 608,-
Driftskostnader;	kr. -411 619,-
Resultat;	kr. 63 989,-
Eigenkapital AK;	kr. 809 128,-

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner rekneskapen for 2022.

SAK 76 21-23

Rekneskapsrapport pr. 13.04.23

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 13.04.2023 ligg som vedlegg.

Nøkkeltal frå rapporten;

Driftsinntekter;	kr. 88 000,-
Driftskostnader;	kr. -147 687,-
Resultat;	kr. -59 687,-

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering.

Vidare gjer komiteen vedtak om å dekke kostnadar med overnatting for alle deltakarar på Telenorlekene, og dekker noko kostnad for deltakarar på HL. Adm. og Cato følgjer opp.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 77 21-23

Evaluering samlingsplan sesongen 22-23

Bakgrunn

Alpinkomiteen har lagt til rette for følgjande samlingar sesongen 2022-2023:

Barmarksamlingar:

- Fjord1 barmarksamling Breim 14. august
- Fjord1 barmarksamling Skei 27. august
- Fjord1 barmarksamling Førde 10. september
- Fjord1 barmarksamling Leikanger 24. september

Skisamlingar:

- Fjord1 skisamling Juvass 13.-16. oktober – 19 løparar
- SPV fartsamling 5.-8. januar – 10 løparar
- Skisamling Jølster 4.-5. februar
- SPV alpincup KM og treningssamling 10. februar
- Skisamling Blomlia 18. mars

Alpinskule:

- Alpinkomiteen støttar med kr. 500,- i delakaravgift for inntil 20 samlingsdøgn for aktuelle løparar til alpinskule.
- I 2022 nytta 4 løparar seg av tilbodet til ARAN og vart subsidiert frå AK. Lena Strand, Lucas Helle Reed, Olai Vik, og Christoffer Amundsen, har i ulik grad nytta seg av samlingsopplegget til ARAN.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering og legg evaluering til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2023-2024.

Til neste sesong er det ønskje om å nytte helgene betre, sette opp fleire renn/ treningsdagar i helgene og gjennomføre arrangement så langt det lar seg gjere for å halde det sosiale miljøet og møtast på tvers av klubbar.

SAK 78 21-23

Generell evaluering av alpinesesongen 2022-2023

Bakgrunn

Alpinkomiteen evaluerer sesongen 2022-2023 m.a. på følgjande innsatsområder:

- Arrangement/ terminlista og avvikling
 - o 2 renn som ikkje er gjennomført grunnet låg påmelding og dårlege forhold.
- Renndeltaking, rekruttering
 - o Låg deltaking i klassar U12-U16. God deltaking i dei yngre klassane. God rekruttering i klubb.
- Sportslege resultat

- Telenorlekene topp 15 plasseringar jenter, og topp 30 plassering gutter.
- Hovudlandsrennet topp 15 plassering i gutteklassen.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2023-2024.

B-SAK 79 21-23

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

Bakgrunn

I samband med Skikrinstinget 2023 skal Sogn og Fjordane Skikrins dele ut Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal.

Fagkomiteane i skikrinsen kjem med framlegg på kandidatar til Skikrinsstyret som gjer endeleg innstilling.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal:

Delast ut 2. kvart år, totalt 4 pokalar.

Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sin Jubileumspokal: Sjå vedlagt informasjon om bakgrunn og statuttar for pokalen.

Vedlagt også oversikt over tidlegare tildelingar.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak om framlegg av kandidatar:

Bragdpokal:

- Andrine Mårstøl - NM Sølv slalåm og storslalåm 2023, 2. plass Europacup slalåm Frankrike 28. jan, og Finland 07. mars, 2023.
- Sindre Myklebust - 6 x 1. plass FIS-renn og uttatt til jr. VM 2023
- Jørgen Taklo - Europacup startar i utfor 2023, og pallplassar i utfor og storslalåm i FIS renn 2023.
- Elias Helle Felde - 1. plass slalåm FIS Jølster 11. mars, 2. plass storslalåm FIS Hakadal 17. feb, 2. plass storslalåm FIS Kløvsjø 21. jan, 2023.

Talentpokal:

- Oskar Ellingsund - 9. plass slalåm og 10. plass kombinasjon, HL 2022

Magnorpokal:

- Lena Strand
- Kjetil Aa. Taklo

NSF sin Jubileumspokal:

- Lise Hafstad
(Førde Alpin laga til grunnjævnad)

SAK 80 21-23

Organisering av freeski inn i alpikomiteen

Bakgrunn

I samband med styremøte 12. desember 2022 gjorde Skikrinsstyret følgjande vedtak:

«Skikrinsstyret ønskjer å knytte greinene (randonee/telemark og freeski) organisatorisk og økonomisk inn i organisasjonsleddet. Det er forslag om å organisere randonee i langrennskomiteen og freeski i alpikomiteen. Forslaget blir spelt inn til aktuelle komitear og fulgt opp ved eit seinare styremøte.»

Alpikomiteen drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Alpikomiteen er positive til inkludering av ein ressursperson som har ansvar for freeskiaktivitet i Skikrinsen.

SAK 81 21-23

Vårmøte 2023

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøte 2023 skal avviklast 3. juni i Førde i samband med Skikrinstinget 2023.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram for Skikrinstinget/ Vårmøte laurdag 3. juni:

- | | |
|------------------|--|
| Kl. 09.30-12.00: | Vårmøter i alpint, hopp/kombinert, og langrenn |
| Kl. 12.00-13.00: | Lunsj |
| Kl. 13.00-16.00: | Skikrinstinget 2023 |

Alpikomiteen fastset sakliste for vårmøte alpint.

I samband med vårmøte 2021 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Evaluering av sesongen 2020-2021
- 2) Sportslege rammer sesongen 2021-2022
- 3) Rekrutteringsarbeid/trenarkurs
- 4) Leige av utstyr frå klubbar til krinssamlingar
- 5) Rammer for Terminliste 2021-2022
- 6) Økonomi/marked

VEDTAK

Alpikomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Vårmøte 3. Juni 2023:

- 1) Evaluering av sesongen 2022-2023

- 2) Sportslege rammer, og rammer for terminliste 2023-2024
- 3) Rekrutteringsarbeid/ trenarkurs
- 4) Økonomi/ marked

SAK 82 21-23

Handlingsplan 2023-2025

Bakgrunn

Arbeidsdokument for handlingsplanen 2023-2025 er vedlagt.

Handlingsplanen til Sogn og Fjordane Skikrins legg Skiforbundet sitt strategidokument for 2021-2024 "Skiglede for alle", til grunn i arbeidet.

Plandokumentet skal leggest fram for Skikrin stinget 3. Juni 2023, og skal såleis vere ferdigstilt og klart til utsending saman med øvrige tingdokument i høve til Sogn og Fjordane Skikrins si lov.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek arbeidsdokument for handlingsplanen 2023-2025 til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 83 21-23

Status markedsarbeid til komiteen

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins – alpint sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Fjord1	Alpint	2024	Avtalen går t.o.m. 31.12.2024
Sparebanken Vest	Alpint	2024	Avtalen går ut 2024
Intersport Sogndal	Alpint	2024	Avtalen går t.o.m. 31.05.2024

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT

Neste møte i alpinkomiteen:

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef